

Vedtekter for Frivilligsentralen i Masfjorden

Sokneråda i Masfjorden driv Masfjorden frivilligsentral, og samarbeidar om drifta med pensjonistlaga, helselaga og Masfjorden kommune.

Målsetjingar:

- Frivilligsentralen skal på ein aktiv måte medverka og stimulera til at den frivillige innsatsen i kommunen aukar, gjennom å samordna frivillige tenesteytarar og brukarar av desse tenestene.
- Frivilligsentralen skal formidla tenester til dei av kommunen sine innbyggjarar som har ynskje om og glede og nytte av tenestene Frivilligsentralen til ei kvar tid kan yte.
- Frivilligsentralen sine tenester skal vera eit supplement til offentlege og private tilbod.

Organisasjon:

- Frivilligsentralen skal, med unntak av dagleg leiar, drivast med hjelp av frivillige, ubetalte ytarar.
- Lag, grupper og einskildpersonar kan opptre som frivillige tenesteytarar.
- Det kan skrivast avtalar om omfanget av tenester mellom frivillige og brukarar.
- Frivillige i besøkstenester og liknande oppgåver, skriv under teieplikt.
- Masfjorden kyrkjelege fellesråd tilset dagleg leiar og har personalansvar.

Økonomi:

- Frivilligsentralen sin rekneskap vert ført av Masfjorden kyrkjelege fellesråd.
- Dagleg leiar har ansvar for at sentralen sitt forbruk held seg innafor budsjettet sine rammer.
- Dagleg leiar skal i samarbeid med styreleiar utarbeida framlegg til budsjett og leggja det fram for styret.
- Frivilligsentralen har eige økonomireglement.

Årsmøte:

Årsmøtet skal haldast kvart år innan 15. mars.

Årsmøtet er samansett av:

- Styret for sentralen.
- Ein representant for kvart av dei tre sokneråda.
- Ein representant frå kvart helselag
- Ein representant frå kvart pensjonistlag
- Ordføraren eller den ordføraren peikar ut.

Årsmøtet vel møtestyrrar.

Årsmøtet handsamar og godkjenner årsmelding, rekneskap og budsjett og elles dei saker som styret legg fram.

Utsendingane for samarbeidslaga vel mellom sine representantar eitt medlem til styret. (Jfr. andre pkt. om samansetjing av styret.)

Vedtekne på ekstrordinært årsmøte 2004, revidert 2016, 2017, 2018

Styret:

Frivilligsentralen har eit styre på 5 medlemmer. Styret konstituerar seg sjølv med leiar og nestleiar. Leiar vert vald for 2 år, med høve for attval.

Styret er samansett av:

1 medlem vald frå kvar av dei 3 sokneråda

1 medlem vald frå dei samarbeidande laga

1 medlem frå kommunen: ordføraren eller den ordføraren peikar ut.

- Soknerådvalde medlemmer fylgjer valbolken for soknerådval.
- Frå dei samarbeidande laga/kommunen vert medlemmen vald for 2 år om gongen på årsmøtet. Dette skjer på årsmøta i oddetalsår.
- For kvart av dei valde medlemmane skal det velgjast personleg varamedlem.
- Styret kan gjera vedtak dersom over halvparten av medlemmane er til stades.
- Ved likt stemmetal har styreleiar dobbelstemme.

Styret har ansvar for å:

- sørge for drifta av sentralen i samsvar med retningsliner gjevne av departementet.
- leggja fram budsjett for årsmøtet.
- godkjenna budsjett, handlingsplanar og framdrift.
- gje dagleg leiar dei fullmakter som han/ho treng innan ramma av handlingsplan og budsjett.
- vera støttespelar for dagleg leiar.
- utarbeida rutinar for samarbeid med frivillige organisasjonar, kommunale etatar og andre.
- sjå til at evaluering og rapportering til sentrale styresmakter vert gjort.
- syta for at det vert søkt om offentlege tilskot innan fastsett tid.

Dagleg leiar:

Dagleg leiar er sekretær for styret, kallar inn til styremøte og fører protokoll. Dagleg leiar har uttalerett i styremøta. Dagleg leiar har teieplikt etter § 13 i Forvaltningslova.

Dagleg leiar er ansvarleg for sentralen si daglege drift i samråd med styret.

Dagleg leiar skal mellom anna

- halda styret orientert om verksemda.
- førebu styresaker og setja i verk styret sine vedtak
- ha ansvar for turvande rapportering
- ha medansvar for kontinuerleg evaluering av sentralen si drift med utgangspunkt i målsetjingar og handlingsplan
- sjå til at dei frivillige får informasjon og hjelp til løysing av dei ulike oppgåver
- samordna tilbodet av frivillige tenester i sentralen
- kartleggja behov gjennom oppsøkjande verksemd og rekruttera frivillige
- informera om sentralen si verksemd
- Dagleg leiar kan delta i kurs, konferansar og møte som kan ha verknad for framdrifta og resultatet av sentralen sitt arbeid.